



Høyringsnotat

Kulturens kraft - kulturpolitikk for framtida

Dato
LEIKANGER, 08.02.2019

Det er bra at kulturmeldinga legg opp til ein nasjonal kulturpolitikk. Vi oppfattar det som at vi skal opptre som likeverdige partar – kommunane, fylkeskommunane og staten. Ein heilskapleg nasjonal kulturpolitikk krev dialog og samhandling mellom alle tre forvaltningsnivåa. Dagens tredelte finansiering (lokalt – fylkeskommunalt – statleg) fører i praksis ofte til at staten tar avgjerder, og kommunar og fylkeskommunar følger opp for å unngå at institusjonane blir taparar. Finansieringssystemet må endrast for at ein heilskapleg nasjonal kulturpolitikk skal lukkast.

Styrka dialog med kommunar og fylkeskommunar er etterlengta og bra. Det er positivt at ein seier ein vil gå i dialog med fylkeskommunane om korleis arbeidsdelinga skal vere framover.

Stortinget tok initiativ til regionreforma, og vi står no midt i gjennomføringa. Då må Stortinget òg utstyre fylkeskommunane med nye, heilskaplege oppgåver og ei verktøykasse som stimulerer til å skape arbeidsplassar og busetjing i heile landet. Vi har gode planar. Fylkeskommunane er meir enn klare til å ta over oppgåver, og forventar at midlane følgjer oppgåvene. Det er no vi skal bygge dei nye fylka!

I avtalen av 24.09.18, mellom dåverande regjering og KrF om nye oppgåver til regionane, står:

«Hagen-utvalgets forslag vurderes i den kommende kulturmeldingen».

Då viser eg til at Hagen-utvalet kom med m.a. følgjande forslag om nye oppgåver til fylkeskommunane:

1. Prosjektmidlar og driftsstøtte til institusjonar og arrangement av lokal eller regional karakter, som i dag ligg til Kulturrådet.
2. Alle institusjonane i kap. 323 Musikk og scenekunst, post 60 Landsdelsmusikarane i Nord-Norge, post 71 Region-/landsdelsinstitusjonar og post 73 Region- og distriktsopera, alle under Kulturdepartementet.
3. Fleirtalet av musea over kap. 328 Museum og visuell kunst, post 70 Det nasjonale museumsnettverket og fleirtalet av tilskota over post 78.
4. Investeringsmidlar tilhøyrande nemnde institusjonar innan musikk, scenekunst og museum, alt under Kulturdepartementet.
5. Forvaltning av spelemidlar til kulturygg, den kulturelle skulesekken, Musikkutstyrssordninga, Ordninga for kjøp av musikkinstrument, Aktivitetsmidlar kor, Krafttak for song og Ordninga for historiske spel, alt under Kulturdepartementet.

6. Forvaltning av spelemidlar til bibliotek, arkiv- og museumsfeltet under Nasjonalbiblioteket, Arkivverket og Kulturrådet. Spelemidlane til idrettsanlegg i kommunane bør gå direkte til fylkeskommunane utan behandling i Kulturdepartementet.

Kulturmeldinga sine svar på desse forslaga er vague, dels av negativ karakter. Eg utfordrar komiteen til å sjå nærmare på forslaga, og til å føre over konkrete oppgåver til fylkeskommunane.

Fylkeskommunane representerer høgkompetansearbeidsplassar, òg innan kunst- og kulturforvaltning. I tillegg har fylkeskommunane god tradisjon for samarbeid med andre kompetansemiljø.

Vi snakkar her om at Stortinget kan ta aktive grep for å ta i bruk eit vidare spekter av kunst- og kulturfagleg kompetanse og sikre demokratiske prosessar og maktspreiing, slik meldinga også tek opp.

Kunst- og kulturtradisjonane er sterke og speglar lokale og regionale særpreg. Globalisering og internasjonalisering gjer at idear og kunnskap flyt raskt, vert tatt i bruk og blanda med det lokale og regionale – ikkje minst hos yngre aldersgrupper.

Fylkeskommunane skal jobbe strategisk. Samfunnsutviklingsperspektivet som ligg til grunn vil innebere eit sterkt sørkrys på kunst og kultur over heile landet. Då må fylkeskommunen ikkje avgrensast til å vere tilskotsforvaltar, men ha ei reell moglegheit for å utforme politikk.

Komiteen må anerkjenne kommunar og fylkeskommunar som kompetente organ for å ta større ansvar/oppgåver på kulturfeltet. Det handlar om at det vert utarbeidd planar (regionale) for utviklinga av kulturfeltet. Storparten av dei frie verkemidlane ligg i statlege organ (t.d. kulturrådet). Det vert difor ikkje god nok samanheng med mellom samfunnsutviklerrolla til fylkeskommunane, planverket og tilgangen til verkemiddel. Komiteen må legge til rette for at fylkeskommunane får fleire oppgåver, og at pengane følgjer oppgåvene. Dialogmøte mellom stat og fylkeskommunar må på plass, òg faste kontakt-/dialogmøte mellom kulturdepartement og KS.

Mange har understreka at vi må respektere prinsippet om armlengds avstand– at verken politikarar eller forvaltning må utfordre kunstnariske slutningar og kunstens autonomi. Vi ser ikkje dette som noko problem. Vi vil mobilisere og bruke kompetansen som er i heile landet.

I dagens samfunn, der endringane skjer stadig raskare, vil regionaliseringa av kulturoppgåvene gje større fleksibilitet og rom for å tilpasse tilboda. Ikkje minst vil det bli enklare å sjå at kultur saman med andre område som kan gje positive synergiar med næringsutvikling, turisme, integrering, utdanning. Vi treng eit sterkt og viktig regionalt folkestyre for å skape vekst og arbeidsplassar basert på dei lokale fortrinna våre.

Sogn og Fjordane fylkeskommune utfordrar komiteen til å vere dristige og nytenkjande. Vi oppmodar dykk til å sjå moglegheitene som ligg i demokratisering og maktspreiing, og til å ta i bruk kunst- og kulturfagleg kompetanse i heile landet på ein ny måte. Ta Hagen-utvalet på alvor. Fylkeskommunane har kompetanse og er klare til å ta over nye oppgåver – og pengane må følgje oppgåvene.